



Prosjektbeskriving Energinettverk Nordfjord 2021

Nordfjord-regionen ynskjer å ligge i forkant innan det grønne skifte, og vere ein føregangsregion innan fornybar energi. Nordfjordrådet ynskjer å vere ein pådrivar for grøn og kunnskapsbasert næringsutvikling ved å legge til rette for kompetanseheving og samarbeid mellom kommune, FoU-miljø og bedrifter.

Nordfjordrådet ynskjer å kome vidare med arbeidet som blei gjort i forprosjektet innan Grøn næringsutvikling, og ynskjer no saman med Enøk-senteret å realisere eit Energinettverk Nordfjord i 2018. Dette er forankra som eit satsingsområde i Nordfjordrådet, og kommunane er positive til etableringa av nettverket.

Prosjektmål

Mål i prosjektet er å kunne redusere energiforbruket med 5-10 % i løpet av prosjektperioda

Dette kan ein oppnå med å etablere ein møtearena der ein har felles mål for utsleppsreduksjon. Ved å kurse deltakarane i drifting av bygg kan ein effektivt redusere og effektiviserer energibruken i bygg.

Prosjektet vil også blant anna bygge oppunder fleira av måla som er beskrevet i plantemadelen i regional plan for klimaomstilling 2018-2021 til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkeskommunen dekkjer inntil 50 % av kostnadane i prosjektet gjennom tilskotsordninga Klima og miljøtiltak

Deltaking

I starten kan både leiing og personar innan aktuelle fagområdet møte. Etter kvart er det naturleg at det er fagpersonar som deltek, då kursa blir meir spissa etter kvart. Målet er at deltakarane skal dele både erfaringar og kompetanse, og det er difor viktig at nettverket er sammansett av personar med kunnskap og engasjement på fagområdet.

Prosjektorganisering

Nordfjordrådet vil vere prosjekteigar for Energinettverk Nordfjord. Dagleg leiar Roger Aa Djupvik vil vere kontaktperson for Nordfjordrådet. Enøk-senteret vil stå for prosjektledelse og organisering av prosjektet, innhald og kursing. Mariann Eik v/Enøk-senteret vil vere prosjektleder for Energinettverk Nordfjord.



Vedlegg 2



Foreslått aktivitet

- Kursdag1:Innføring Teknisk drift, Energileiing og Energovervaking
- Kursdag2:Påbygnigskurs teknisk drift Elektriske anlegg
- Kursdag3:Påbygnigskurs teknisk drift Ventilasjon
- Kursdag4:Påbygnigskurs teknisk drift Vassboren varme
- Kursdag5:Fornybar Energi, Sol, vind, hav
- Kursdag6:Lyskilde, Erfaringsutveksling, prosjektslutt

Alle kursdagane vil vi sette fokus på erfaringsutveksling mellom verksemdene

[Skriv her]